



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 214/72 - Fyllingsnes - påbygg naust - dispensasjon


Vi viser til brev frå kommunen datert 03.02.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon for påbygg på eksisterande naust.

Eksisterande naust er i ein etasje, med 30 m² BYA, saltak med mønehøgde 4,1m og med ikkje målbart areal på loft. Det skal etablerast 20 m² målbart areal på loftet, med pulttak og mønehøgde 5,2m.

Eksisterande fasade:



Ny fasade:



Eigedommen ligg i LNF formål i kommuneplanen for tidlegare Lindås kommune. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF og byggegrense mot sjø.



Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, omsyna i lovas formålsføresegn eller nasjonale eller regionale interesser ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane vere klart større enn ulempene jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Naustet ligg i dag både i LNF-formål og i strandsona. Tidlegare Lindås kommune ligg i sone 2 i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Her skal det mye til for å dispensere frå byggeforbodet i strandsona.

Eksisterande naust ligg på eit tynt belte mellom veg og sjø. Landskapet er bratt opp mot veg og det ligg ein del naust og hus og hyttar spreidd langs sjøen her. Eksisterande naust er eit eldre naust med ordinert naustpreg. Det er søkt om eit naust med same grunnflate, men med eit loft med 20 m² målbart areal og tre større vindauge i forkant. Vi vurderer at påbygg på naustet vil auke privatiseringa av området. Det er særleg vindauga som gjer at bygget får eit meir privatiserande uttrykk. Målbart areal i 2 etasje gjer også bygget meir egna til anna bruk enn lager. Stasforvaltaren meiner dette er uheldig.

Vi vurderer det også som uheldig å skulle tillate større og høgare naust i LNF-formål i kommuneplanen enn det ein tillèt i naustformål, om det ikkje er særlege forhold som talar for det. I denne saka kan vi ikkje sjå at det er det.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon for påbygg til naust som omsøkt, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Svein Kornerud
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN